

## Arealdisponering og søknadsplikt for landbrukseigedomar.

Ei viktig oppgåve som kommunen har er å forvalte lovar og reglar som gjeld landbrukseigedomar.

Definisjonen på ein landbrukseigedom er i følgje landbruks- og matdepartementet "eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk". I praksis har ein eigendom med totalareal på 5 dekar blitt ansett tilstrekkelig ettersom den hadde 3 dekar fulldyrka jord. Sjå side 14 M-1/2013:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/LMD/Vedlegg/Regelverk/Rundskriv\\_m\\_1\\_2013.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/LMD/Vedlegg/Regelverk/Rundskriv_m_1_2013.pdf)



Steinbrudd ved Skjoldstrømmen , Riksarkivet



Uttak av stein med dagens maskiner. Foto: Runar Daler

Med dagens maskiner er det mogeleg å gjere store inngrep på kort tid. Kommunen får ofte ikkje spørsmål om kva som er søknadspliktige terrenginngrep, men sjølv om du eig ein landbrukseigedom er det begrensningar for kva som er lov til å gjere på den. Døme på **søknadspliktige tiltak** er: Deponering av massar, bygging av vegar, nydyrking, bakkeplanering, uttak av stein, grus og sand og liknande. Under er dei vanlege spørsmål om søknadsplikt. Ola er ein fiktiv person.

**Ola ønskjer å bygge ein enkel permanent driftsveg med lengde 100 meter for å ta ut skog. Vegen sine skjæringar og fyllingar er mindre enn 1 meter frå opphavleg terrengnivå. Vegen er ikkje i konflikt med andre interesser. Kva slags løyve må han søkje om før han går i gong?**

### Svar:

Ola må , fordi meir enn 50 % av interessene i vegen er skog/landbruk, søkje om løyve til bygging av landbruksveg etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar. Om landbruks interessene i vegen haddde vore mindre enn 50 % måtte han søkt om byggeløyve etter plan- og bygningslova (PBL). Grunneier må alltid søke om å få bygge eller ombygge en permanent landbruksvei eller etablere massetak etter landbruksveiforskriften.

Midlertidige driftsvegar i skogen kan under visse vilkår vere unntatt søknadsplikt. Driftsveg er dei kjøretraseene i skogsterrenget som blir brukt gjentatte ganger (hovedåre) når tømmeret blir frakta ut av skogen, og fram til velteplass (lager ved bilvei). Driftsvegane i skogen er midlertidige og eventuelle kjørespør blir reparert etter hogst.

Sjå forskrift: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-05-28-550>

Sjå vanlege spørsmål om landbruksveg her: <https://www.slf.dep.no/no/eiendom-og-skog/infrastruktur/landbruksveier/sporsmal-og-svar/spørsmål-og-svar#spoersmaal-og-svar-om-landbruksveier>



Landbruksveg i Etne kommune Foto: Roar Bævre

**Ola vil ta ut massar til bygging av landbruksvegen frå eit innmarkseite på eigen eigedom. Må han søke om dette?**

**Svar:**

Ola må legge planlagt massetak inn i søknaden landbruksveg.

**Ola ønskjer å utvide masseuttaket for å selje massar til ein nabo. Kva slags løyve må han ha av kommunen for at massetaket no skal vere lovleg?**

**Svar:**

Masseuttak til husbehov, dvs. eige forbruk, er i tråd ,med landbruksformålet i LNF-område. Husbehov er behov som følgjer av alminnelig landbruksdrift på eigedomen, når kvart grustak har ein beskjedne storleik. Masseuttak / råstoffutvinning ut over eige behov i landbruksdrifta er i strid med LNF-føremålet i kommuneplanen. Ola må difor søke om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen og i tillegg søke om løyve til terrenginngrep etter Plan.- og bygningslova og etter § 9 i jordlova om omdisponering av jordbruksareal.

**Ola ønskjer å planere eit bratt areal på litt meir enn 1 dekar for å gjere det enklare å slå maskinelt. Han spør kommunen om han må søkje om dette.**

**Svar:**

«Med bakkeplanering forstås arbeidet med å gjere brattlendt eller kupert dyrkbart og tidligere dyrket areal skikket for maskinell jordbruksdrift. Det regnes som planering når det forflyttes masse som berører et areal på minst 1,0 dekar.» Sjå forskrift om bakkeplanering her: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-05-02-42> Fordi arealet Ola skal planere er større enn 1 dekar må han søkje om løyve til planering etter plan- og bygningslova, hadde det vore mindre kunne han ha søkt om løyve etter forskrift om bakkeplanering.

**Ola ønsker å dyrke opp ei myr, og spør kommunen om det er søknadspliktig.**

**Svar:**

Som nydyrking reknar ein fulldyrking og overflatedyrking av udyrka mark eller gjenoppdyrking av jordbruksareal som har lege unyttta i over 30 år. Opparbeiding av overflatedyrka mark til fulldyrka mark vert ikkje rekna som nydyrking. Søknad om nydyrking er søknadspliktig etter forskrift om nydyrking: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-05-02-423>

**Ola vil legge nye grøfter i vass-sjuk mark og spør om han må søkje til kommunen om det.**

**Svar:**

Ola treng ikkje søkje om løyve til å grøfter dyrka mark. Sjå veiledning om grøfting her: <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMTR/LANA/Drenering.pdf>  
Det er forbode å grøfte myr for å plante skog. Dette følgjer av skogbrukslova sin forskrift om bærekraftig skogbruk. Sjå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-07-593>

**Kva skjer om Ola ikkje sørger for å få nødvendige løyve, men likevel gjennomfører tiltaka?**

**Svar:**

Da har Ola gjort noko ulovleg .

Framgangsmåten som fylkesmannen i Hordaland tilrår for oppfølging av ulovlige tiltak er denne: <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Plan-og-bygg/Plan--og-bygningsrett/Ulovleg-bygging-og-bruk/Reaksjonar-mot-ulovlege-tiltak-/>

Det er skilnad på brot mot PBL og andre lovar. PBL har ulovlighetsoppfølging, overtredelsegebyr etc.: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL\\_5-1#KAPITTEL\\_5-1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_5-1#KAPITTEL_5-1)

Kommunen ber alle som har planar om å gjere tiltak som dei trur kan vere søknadspliktig om å kontakte kommunen for meir informasjon og råd.